

Til: Johann Roppen
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 13/2020, 27. MARS

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 13/2020, 27. MARS

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

KORONA-TILTAKA HELD FRAM TIL OG MED 13. APRIL - NY BESKJED 8.4.

Regjeringa gjorde det klart at tiltaka mot korona vert forlenga fram til og med måndag 13. april. Regjeringa vil truleg gi beskjed om tiltaka vert endra onsdag 8. april, altså dagen før skjærtorsdag. For Høgskulen i Volda betyr dette at tiltaka som vart innført 12. mars held fram. Undervisninga er flytta over på nett, dørene på høgskulen er stengt og tilsette skal i størst muleg grad arbeide heimanfrå. Dette går også fram av e-postar som høgskuledirektøren sende til alle tilsette onsdag 25. mars og fredag 27. mars.

ENORM AKTIVITET PÅ NETT: HØGSKULEN HAR STOR ANDEL

Høgskulen i Volda har som mange andre teke i bruk nettsystemet Zoom for videomøte og nettundervisning. Statistikken for siste veka syner at Høgskulen i Volda står for ca 2,9 prosent av all Zoom-aktivitet i UH-sektoren. Det er høgt når høgskulen har ca 1 prosent av budsjettet i sektoren og knappe 2 prosent av alle studentar. Høgskulen har hatt 2.256 zoom-møte på i alt 316.000 minutt med ca 9.000 deltakarar.

STUDENTAR I UTLANDET: FRAMLEIS 14 VOLDASTUDENTAR UTE

Dei fleste HVO-studentane på utveksling har valt å reise heim. Pr i dag har Høgskulen i Volda 14 studentar som framleis er på utveksling i andre land og 7 av desse er i Australia. Internasjonalt kontor har løpande kontakt med studentane som framleis er i utlandet og utanlandske studentar som framleis er i Volda.

BYGGINGA AV MEDIEHUSET ER IKKJE FORSINKA LIKEVEL

Høgskulen fekk fredag 27. mars melding om at framdrifta i bygging av mediehuset likevel ikkje blir forsinka. Problema som entreprenøren stod overfor for få dagar sidan viste seg å kunne løysast likevel, og dermed er husbygginga i rute.

ENKLARE NETTUNDERVISNING MED LÆRINGSVERKSTADEN OG DKL

Læringsverkstaden, beståande av IT-kontoret og fagmijøet Digital kompetanse i læring, [står klare til å hjelpe undervisarar ved Høgskulen i Volda \(HVO\) til å gi studentane best mogeleg undervisning på nett.](#)

FASTE MØTE MELLOM LEIINGA OG FAGFORENINGANE

På grunn av koronakrisa blir det framover faste møte mellom høgskuleleiinga (direktør og personalsjef) og representantar for fagforeningane kvar fredag.

KORONA-SØKNAD TIL FORSKINGSRÅDET FRÅ KOMMUNIKASJONSMILJØET VED HVO

Institutt for kommunikasjon på Avdeling for mediefag har sendt ein prosjektsøknad til [Forskningsrådets hasteutlysing](#) i samband med Korona-utbrotet. [Kristian Fuglseth](#) er prosjektleiar, og med på laget har han [Burcu Peksevgen](#), [Paul Bjerke](#), [Jan Arne Halvorsen](#) og [Jens Standal Groven](#). Samarbeidsinstitusjonar på søknaden er Leeds Beckett University og Høyskolen Kristiania. Dei søker om midlar til ein samanliknande studie av krisekommunikasjon og korleis Noreg og Storbritannia har møtt Verdas helseorganisasjons (WHO) råd i samband med korona-utbrotet.

EKSAMEN (1): 200 EKSAMENAR BLIR ENDRA: ALLE SKAL VERE KLARE FØR 30. MARS

Prorektor Odd Helge Tonheim og studieadministrasjonen har fått ønske om endring av ca 200 eksamenar som må flyttast over på digitale plattformer. Fristen for å melde endring er no ute, og fagmiljøa får fortløpande beskjed når endringane er vurderte. Det er prorektor som leiar av Utdanningsutvalet som har mynde til å godkjenne endringar. Alle endringsønske skal vere ferdig vurderte innan 30. mars. Det er berre eksamenar som krev frammøte i Volda som kan endrast.

EKSAMEN (2): MUNNLEG JUSTERANDE EKSAMENAR

Prorektor Odd Helge Tonheim har sendt ut informasjon til fagmiljøa med melding om at om munnleg eksamenar som har ein justerande funksjon kan bli endra eller fjerna. Dette gjeld mange bachelor- og masteroppgåver.

EKSAMEN (3): EKSAMENSKOMMISJONAR: FRISTEN FORLENGA TIL 8. APRIL

Fristen for å melde inn sensorar for eksamenar i mai og juni er utvida til 8. april. Sensor skal meldast inn til den som koordinerer på kvar avdeling.

PENSUM (1): NASJONALBIBLIOTEKET GIR GRATIS TILGANG, MEN TEKNISKE PROBLEM

Nasjonalbiblioteket har [opna mange av sine digitale tenester](#), fritt tilgjengeleg for alle. Blant anna gjeld dette pliktavleverte bøker og aviser som til vanleg er tilgjengeleg på bibliotek. Tenesta har diverre vorte hemma av tekniske problem i starten.

PENSUM (2): AKADEMIKA LEVERER FRAMLEIS BØKER

Akademika-bokhandelen på høgskulen er stengt, men [Akademika på nett](#) er framleis ope og leverer bøker i posten til studentar og tilsette. Bokhandlar [Elin Longva](#) står til teneste om studentar eller tilsette ønsker hjelp til bestilling. Ho er 50 prosent permittert, men kan ta slike oppgåver innanfor si 50 prosent stilling i nettbokhandelen.

ARBEIDER MED LANGSIKTIG KORONA-PLAN

Høgskulens pandemiplan er ein generell og overordna plan som har blitt følgt i krisearbeidet. Når vi no veit meir om korleis koronaviruset blir møtt både nasjonalt og lokalt ser kriseleiinga at vi må ha meir spesifikke tiltak på litt lenger sikt, og det er særleg handtering av eksamen som framstår som kritisk og i tillegg til fagmiljøa er det IT og Studieadministrasjonen som no arbeider med reserveløysingar i tilfelle mange er borte samtidig på kritiske tidspunkt. Dei som skal bidra til planane vil få nærare informasjon om det.

ETATSTYRINGSMØTET AVLYST

Høgskulen skulle etter planen få besøk av Kunnskapsdepartementet (KD) og ha etatstyringsmøte på Høgskulen i Volda i juni. KD har no gitt beskjed om at møtet er avlyst og at høgskulen vil få skriftleg tilbakemelding på [årsrapporten for 2019](#). Dei skriftlege tilbakemeldingane frå KD for tidlegare år ligg på nettsida vår "[Styringsdokument](#)".

KAFE ZOOM (1): AVDELING FOR KULTURFAG

Dei tilsette på Avdeling for mediefag har tatt ansvar for det fagleg-sosiale miljøet og oppretta Kafe Zoom - som er ope for tilsette på avdelinga kvar ettermiddag kl 15-16. Det er også høve til å ta med seg gjestar frå andre avdelingar på Kafe Zoom. Frå alle avdelingane blir det fortalt om meir eller mindre faste møte på Zoom på avdelings- eller instituttnivå.

KAFE ZOOM (2): MØTEPlass FOR ALLE TILSETTE (KL 16-17)

Dekan Unni Hagen ved Avdeling for kulturfag opnar no "Kafe Zoom HVO" som skal bli ein digital møteplass for alle tilsatte ved Høgskulen som har lyst på ein prat om laust og fast. Opningstida vil normalt vere kl 16 -17 på kvardager. Deltakarar kan kome og går når dei vil, og det er ikkje nødvendig å bestille bord.

STUDENTPRAKSIS: DET SER UT TIL Å GÅ BRA?

Situasjonen for studentar i praksis er veldig ulik på dei forskjellige studia. På lærarutdanningane var dei fleste studentane nesten ferdig med praksis då krisa braut ut. Dei som manglar litt på fullført praksis får i staden ulike alternative opplegg som dei skal arbeide med.

STIPENDIATAR: REGELVERK OG RUTINAR ER PÅ VEG

Mange stipendiatar er i ein spesiell situasjon ved at dei er inne i tidsavgrensa prosjekt og mange har omsorgsoppgåver for små barn. Både i SAP og i NAV er det på veg justeringar av informasjon, regelverk og praktiske tiltak for registrering av ulike fråvær tilpassa koronasituasjonen. Stipendiatar som får eit samanhengande fråvær på to samanhengande veker eller meir vil få forlenga stipendiatperioden tilsvarande sjukmeldingsperioden. Personalkontoret har sendt informasjon til stipendiatane om dette.

LOKALT (1): REISEKARANTENE I SOMME KOMMUNAR PÅ SØRE SUNNMØRE

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har [oppmoda kommunane i fylket om å innføre reisekarantene](#) mot blant anna kommunar i Vestland fylke. Volda, Ørsta og Ulstein kommunar har vedtatt å ikkje innføre slik reisekarantene men held seg til nasjonale retningslinjer. Hareid, Herøy, Sande, Vanylven og Stranda kommunar innførte karantenerreglar tidlegare denne veka.

LOKALT (2): TAL SMITTA PÅ SØRE SUNNMØRE OG NORDFJORD AUKAR HEILE TIDA

VG har eit lett tilgjengeleg og detaljert oversyn over smittesituasjonen i Noreg. [Her er tal for Volda kommune](#). På Søre Sunnmøre og i Nordfjord har det samla talet på smitta auka kvar dag den siste veka, og med stadig færre kommunar utan nokon smitta.

LOKALT (3): NYNORSK KULTURSENTRUM: "ALEINE SAMAN - KORONA OG KULTUREN"

Også Nynorsk kultursentrum flyttar si kulturformidling over på nett. Dei har no publisert heilt nytt [litterært og kunstnarisk innhald på nynorsk om koronakrisa](#), blant anna med Sunnmøre Baarelag, Daniel Kvammen og Jon Fosse. Bidrag frå Odd Norstoga, Frode Grytten og Ruth Lillegraven er i kjømda.

IKKJE BERRE OM KORONA: TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED? VI HAR MANGE STUDENTAR KAN TA KONTAKT MED

Studentar som treng nokon å snakke med må ikkje nøle med å ta kontakt med Høgskulen. [Vi har fleire ressurspersonar](#) som sit klare til å snakke med studentar som har behov for å prate og få gode råd i denne spesielle tida.

MØTE I UTDANNINGSUTVALET OG FORSKINGSUTVALET

Den interne møteaktiviteten blir naturlegvis også påverka av koronakrisa. Møta blir gjennomført på nett. Komande veke er det møte både i [Forskningsutvalet \(30.3.2020\)](#) og [Utdanningsutvalet \(1.4.2020\)](#).

SILJE IMS LIED ER MED PÅ EU-SØKNAD FRÅ SINTEF

[Silje Ims Lied](#), AHL, er med på ein EU-søknad i regi av SINTEF. Prosjektet har tittelen "Keeping pupils with special needs in school: targeting uptake of education and bridging inequality gaps through the use of Virtual Reality". Prosjektet har i alt 9 partnarar, blant anna Møreforsking Molde, og av partnarane er det universitet og institusjonar i Noreg, Spania og Belgia.

STUDENTREKRUTTERING: "MEDIEBRANSJENS STJERNEFABRIKK"

Les intervju med våre tidlegare studentar Simon Nitsche (TV 2) og Emil Gukild (NRK). ["Studiet i Volda kan de ikke få fullrost nok."](#)

FLEIRE LEDIGE STILLINGAR PÅ MEDIEFAG

Ved Avdeling for mediefag er det ledig fleire stillingar, med søknadsfrist like over påske, 15. april. Det er dekanstillinga og inntil 4 stillingar som lærar i journalistikk som no er lyst ut. [Sjå alle våre utlyste stillingar her](#).

UNIVERSITETET I AGDER ER PÅ VEG UT AV UH NETT VEST

På styremøte i UH Nett Vest 25. mars vart det formidla frå Universitetet i Agder at dei kan vere i ferd med å melde seg ut av UH Nett Vest, men kanskje vil halde fram med student-samarbeidet. Universitetet i Stavanger vurderer også om dei skal halde fram. Dei andre institusjonane har ikkje signalisert at dei vurderer å gå ut av nettverket.

PUBLISERING (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når ei bok har kome ut eller lenke til ein artikkel som har vorte publisert og gjort tilgjengeleg i eit tidsskrift.

PUBLISERING (2): HOVLID HAR PUBLISERT I TIDSSKRIFT FOR RETTSVITENSKAP

Førsteamanuensis [Ellen Lexerød Hovlid](#) har fått publisert ein artikkel i Tidsskrift for rettsvitenskap. Artikkelen har tittelen "[Hvem er journalist i norsk rett?](#)". Tidsskrift for Rettsvitenskap er eit nordisk tidsskrift på nivå 2. Hovlid er også inne i eit professorstipend.

PUBLISERING (3): GAMBORG LILLEBØ HAR PUBLISERT I NORDICUM-MEDITERRANIUM

Førsteamanuensis Jonas Gamborg Lillebø har publisert ein artikkel i Nordicum-Mediterranium. Artikkelen har tittelen: "[Is There a Secular Hierarchy in the Norwegian Public Sphere?](#)".

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020 -

ALLE ARRANGEMENT FØR PÅSKE ER AVLYST.

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

Alle større fellesaktivitetar før påske er avlyst. Somme av arrangementa kan bli gjennomført på nett eller eventuelt bli gjennomført seinare. Arrangørar må oppdatere nettsidene sine så snart dei kan med informasjon om dette.

Påskeferie 9.-13. april.

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF (AVLYST)

16.-19.4.2020 [X2-festivalen](#) (AVLYST)

22.-24.4.2020: [SEANSE: Tverrfagleg kunstverkstad](#), Bergen (AVLYST)

20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse, HVO (AVLYST)

22.-26.4.2020: [Dokumentarfilmfestivalen](#), Volda (AVLYST)

23.-24.4.2020: [Skuleleiarkonferansen - tema: Meistring](#), Molde (AVLYST)

23.4.2020: [Styremøte 2/2020](#) + 24.4.2020: Styreseminar - strategi, Union Øye (STYRESEMINARET ER AVLYST, STYREMØTET BLIR GJENNOMFØRT PÅ NETT)

24.4.2020: [Fagdag: "Konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hos barn og unge"](#), HVO (UTSETT TIL HAUSTEN)

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk, HVO (UTSETT)

17.5.2020: [Nasjonal festkonsert med Symfoniorkesteret](#), Volda

4.6.2020: Etatstyringsmøte 2020, KD, på HVO (AVLYST)

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#), HVO

18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen (TIL VURDERING: DIGITAL ELLER UTSETT)

8.-19.6.2020: [SEANSE: Kunstnaropphald](#), HVO

Studieåret 2020-2021

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Korona-krisa \(2\): Når heime blir jobb](#) (27.3.2020)

[Korona-krisa: Litt meir grå kvardag, takk!](#) (19.3.2020)

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)